



Brønnøysundregistra

Samordna registermelding – Tillegg for registrering i Frivilligregisteret

Rettleiing til blankett for registrering i Frivilligregisteret

Rettleiing



Innhold

Kva er Frivilligregisteret? side 4

Utfylling av blanketten – Tillegg for registrering i Frivilligregisteret side 5

Nødvendige vedlegg ved nyregistrering og endringer i Frivilligregisteret side 9

Registrer elektronisk gjennom altinn.no

Gjennom elektronisk registrering kan du registrere nye einingar og føretak i Einingsregisteret, Føretaksregisteret og Frivilligregisteret. Du kan også melde endringar, nye opplysningar eller melde frå om sletting. Tenesta kan brukast for dei vanlegaste organisasjonsformene.

Som brukar har du mange fordelar av å registrere elektronisk:

- Du kan automatisk få fylt ut opplysningar som tidlegare er registrerte i Einingsregisteret, Føretaksregisteret og Frivilligregisteret, og som er offentlege.
- Utfyllinga er enklare, du fyller berre ut dei felte som er nødvendige. Vala du gjer er avgjerande for det neste feltet du skal fylle ut.
- Eigne informasjonsknappar fører deg direkte til hjelpetekstar for kvart felt.
- Skjemaet har ein kontrollfunksjon som du kan aktivere når du vil. Dermed blir det lettare å oppdage feil eller manglar ved utfyllinga.
- Det er mindre risiko for å få meldinga i retur.
- Saksbehandlingstida blir kortare.
- Lågare gebyr for mange registreringar i Føretaksregisteret.
- Mindre papir og postgang sparer miljøet.
- Elektronisk registrering i Brønnøysundregistra er open heile døgnet.
- Du kan levere registermeldinga akkurat når det passar deg.

Du finn Samordna registermelding på www.altinn.no.

Kva er Frivilligregisteret?

Frivilligregisteret blei oppretta etter initiativ frå dei frivillige organisasjonane sjølve. Ved opprettinga av eit eige register over frivillige organisasjonar ønskjer ein å oppnå ei strukturert oversikt også over denne sektoren av samfunnet. Tidligare registre over juridiske personar i Noreg er oppretta og innretta stort sett ut frå næringslivet sine behov, og staten sine behov for strukturert informasjon om næringsdrivande einingar.

Formålet med Frivilligregisteret

Registeret for frivillig verksemd skal betre og forenkle samhandlinga mellom frivillige organisasjonar og offentlege styresmakter. Registeret skal sikre systematisk informasjon som kan styrke legitimiteten til og kunnskapen om den frivillige aktiviteten, og leggje til rette for den offentlege politikken overfor frivillig sektor. Systematisk informasjon vil også gje betre grunnlag for statistikk og forskning på feltet.

Ingen organisasjonar har registreringsplikt i Frivilligregisteret, men alle organisasjonar som fyller vilkåra har rett til å la seg registrere. Ved innføring av *grasrotdelordninga* kan registrering innebere ein konkret gevinst.

Grasrotdelordninga inneber at alle som spelar på eit av Norsk Tipping sine spel kan velje at inntil 5 prosent av den innsatsen dei legg inn skal gå til ein bestemt frivillig organisasjon. Spelaren kan berre velje blant foreiningar eller andre organisasjonar som er registrerte i Frivilligregisteret.

Grasrotdelen blir forvalta av Norsk Tipping.

Kva organisasjonar kan bli registrerte i Frivilligregisteret?

Berre einingar med organisasjonsforma foreining, stifting eller aksjeselskap kan registrerast. Det er eit vilkår at eininga er registrert i Einingsregisteret, og at ho har eit styre.

Det er også eit vilkår at eininga driv frivillig verksemd.

Som frivillig verksemd blir rekna aktivitetar som ikkje gir fortjeneste.

Dette gjeld:

- ideelle foreiningar
- allmenne stiftingar som ikkje gjer utdelingar, eller som berre gjer utdelingar til frivillig verksemd

- næringsdrivande stifting som berre gjer utdelingar til frivillig verksemd
- aksjeselskaper som berre gjer utdelingar til frivillig verksemd

Følgjande aktivitetar blir ikkje rekna som frivillig verksemd:

- aktivitetar organiserte av det offentlege
- aktivitetar baserte på samvirkeprinsipp og som kjem under Lov om samvirkeføretak (samvirkelova)

Frivillig verksemd som ikkje er allmenntilgjengleg kan i særskilde høve bli nektet registrering.

Dette tyder at dei fleste norske foreiningar kan registrere seg i Frivilligregisteret. Det same gjeld dei fleste såkalla aktivitetsstiftingar, medan berre eit fåtal aksjeselskap kan la seg registrere.

Slik fyller du ut blanketten

Samordna registermelding

– Tillegg for registrering i Frivilligregisteret

1

Innsendar/ gebyransvarleg

Innsendar vil bli nytta som kontaktperson for tilbakemeldingar knytta til denne blanketten. Innsendaren vil og få tilsendt faktura for gebyr eininga skal betale for registrering i Frivilligregisteret.

Norsk Tipping betaler registreringsgebyret for alle som har rett til å ta del i Grasrot delen, og som blir registrerte i 2009.

Dersom innsendarfeltet ikkje er utfylt, vil alle tilbakemeldingar bli sende til eininga si adresse.

Dersom innsendaren tidlegare har fått tildelt **kundenummer** av Brønnøysundregistra, skal du føre opp dette nummeret.

2

Namnet til eininga

Før opp det fulle namnet/føretaksnamnet og organisasjonsnummer.

3

Meldinga gjeld for Frivillig- registeret

I dette feltet skriv du kva meldinga gjeld.

3.1 Registrering av ny eining

Dersom eininga ikkje er registrert i Frivilligregisteret, kryssar du av her.

3.2 Endringar/nye opplysningar

Dersom eininga ønskjer å melde endring i nokre av dei registrerte opplysningane eller har tilleggsopplysningar, kryssar du av for «Endringar/nye opplysningar».

Fyll alltid ut organisasjonsnummeret, det registrerte namnet til eininga i felt 2.1, og dei felte endringa gjeld.

Dersom du vil at ein registrert opplysning skal slettast utan at ho blir bytta ut med nye opplysningar, skriv du «utgå» i det aktuelle feltet.

3.3 Sletting

Dersom du berre vil slette eininga frå Frivilligregisteret, kryssar du av her. Skal eininga derimot slettast også frå Einingsregisteret, Føretaksregisteret eller Stiftingsregisteret, må du nytte «Samordna registermelding Del 1 – Hovudblankett» eller «Forenkla registermelding Del 1 – Blankett for sletting». Ved sletting i Einingsregisteret vil eininga også bli sletta i alle tilknytte registre, inkludert Stiftingsregisteret og Føretaksregisteret.

4

Kategori

I dette feltet må du gje opplysningar om kva slags verksemd eininga driv. Du må føre opp verksemdskodar frå tabellen nedanfor.

NB! Det er ikkje nok å føre opp hovudkode. Opplysning må først opp på underkodenivå, til dømes: kode 1 100, Kunst og kultur.

Dersom eininga driver fleire typar verksemd, er det mogeleg å melde opplysning om inntil tre kategoriar. Kategoriane må rangerast etter omfang.

Døme:

Eit grendelag driv med forskjellige aktivitetar knytt til det lokalsamfunnet det hører heime i, nærmast som ei velforeining. I tillegg driv dei nokså mykje med teateroppsetjingar.

Dei melder då kategori slik:

6 100, Lokalsamfunnsutvikling, rangert som nummer 1
1 100, Kunst og kultur, rangert som nummer 2

Dersom du vil endre opplysningar om kategori, må du føre opp alle kategoriar. Det vil seie at kategoriar som tidligare er meld og som framleis skal vere registrerte, må først opp på nytt.

Tabell som viser tilgjengelege kategoriar av verksemd:

ICNPO-nr.	ICNPO-kategori	Døme
1	Kultur og rekreasjon	
1 100	Kunst og kultur	Musikk, teater og dans, kunst, brukskunst og arkitektur, historie, litteratur og språk, museer, samlingar og bibliotek, tidsskrift og medium, andre kulturelle og kunstneriske aktivitetar
1 200	Idrett	Alle typar idrett, sport og trim, også skyttarlag, bedriftsidrett og idrett for personar med nedsett funksjonsevne
1 300	Rekreasjon og sosiale foreiningar	Friluftsliv og speidaren, motor og båtforeining, dyreeigarklubbar, pensjonistlag, studentsamfunn, sosiale klubbar (Rotary, Lions og liknande), andre hobby- og fritidsaktivitetar
2	Utdanning og forskning	Barne- og ungdomsskular, vidaregåande skular, folkehøgskular, universitet og høgskular, yrkesretta/teknisk utdanning, vaksenopplæring og vidareutdanning, forskning
2 100	Grunnskule og vidaregåande	
2 200	Høgskule og universitet	
2 300	Anna utdanning	
2 400	Forsking og utvikling	
3	Helse	Sjukehus, rehabilitering, pleie- og aldersheim, psykiatriske institusjonar, polikliniske helsetenester, alternativ medisin, redningsarbeid og ambulansetenester
3 100	Sjukehus og rehabilitering	
3 200	Sjukeheimar	
3 300	Psykiatriske institusjonar	
3 400	Andre helsetenester	
4	Sosiale tenester	Barnehagar, familierådgjeving, krisesentre og -telefonar, tenester for personar med nedsett funksjonsevne, tenester for eldre, sjølvhjelp, materiell hjelp til trengande, barnevern, tiltak for rusmiddelmissbrukarar
4 100	Sosiale tenester	
4 200	Krisehjelp og støttarbeid	
4 300	Økonomisk og materiell støtte	
5	Natur- og miljøvern	
5 100	Natur- og miljøvern	Områdevern og områdeforvaltning
5 200	Dyrevern	
6	Bolig- og lokalmiljø	Grendelag, forsamlingshus, huseigarforeining, burettslag
6 100	Lokalsamfunnsutvikling	
6 200	Bolig- og lokalmiljø	
6 300	Arbeidsopplæring	
7	Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar	Personar med nedsett funksjonsevne og sjuke, kvinnesak, mållag, fråhald, etniske minoritetar, rettighets- og støttarbeid for svake og utsette grupper (innsette, fattige med vidare), kampanjar og lobbyverksemd, juridisk bistand, forbrukarorganisasjonar, politiske parti
7 100	Interesseorganisasjonar	
7 200	Juridisk rådgjeving	
7 300	Politiske organisasjonar	

ICNPO-nr.	ICNPO-kategori	Døme
8	Legat og fremje av frivilligheit	
8 100		Pengeutdelande stiftingar
8 200		Frivilligsentraler
9	Internasjonale organisasjonar	
9 100	Internasjonale organisasjonar	Internasjonale vennskaps- og utvekslingsprogram, internasjonalt naudhjeps- og bistandsarbeid, menneskeretts- og fredsarbeid
10	Tru- og livssynsorganisasjonar	
10 100	Tru- og livssynsorganisasjonar	Organisasjonar tilknytte Den norske kyrkja, misjon, Protestantisk frikyrkje, andre religionar, livssynsorganisasjonar
11	Yrkes-, bransje- og fagforeiningar	Arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonar, bransje- og nærings-samanslutningar, produsentkooperativ, elev- og studentorganisasjonar
11 100	Næringslivs- og arbeidsgjevarorganisasjonar	
11 200	Yrkessamanslutningar	
11 300	Arbeidstakarorganisasjonar	
12	Andre	
12 100	Andre	
13	Barne- og ungdomsorganisasjonar	
13 100	Barne- og ungdomsorganisasjonar	
14	Mangfald og inkludering	
14 100	Mangfald og inkludering	

5

Registrering av vedtekter

Når foreiningar, stiftingar og aksjeselskap skal registrerast i Frivilligregisteret første gong, må vedtektene alltid vere vedlagde. Opplysningane i vedtektene blir blant anna brukt for å kunne vurdere om eininga har rett til å bli registrert.

Spesielt for foreiningar

Ved registrering kan foreininga velje om vedtektene skal *registrerast* i registeret, og ikkje berre brukast som vedlegg. Ein grunn til registrering kan vere ønskje om at andre alltid skal kunne skaffe seg tilgang til gjeldande vedtekter for foreininga, og ha kjennskap til kva vedtekter som til kvar tid gjeld. Dette kan vere med på å auke tilliten til foreininga.

Det er viktig å vere merksam på at dersom foreininga vel å be om å få vedtektene registrerte, har foreininga tatt på seg plikt til å melde alle seinare *endringar* av vedtektene til Frivilligregisteret. Dersom de seinare skulle finne ut at foreininga ikkje vil ha vedtektene registrerte, kan de sende melding om dette til Frivilligregisteret.

Spesielt for stiftingar og aksjeselskap

Dette feltet skal ikkje fyllast ut av stiftingar og aksjeselskap. For desse organisasjonsformene gjeld eigne krav til registrering av vedtekter i Føretaksregisteret og/eller Stiftingsregisteret. Stiftingar og aksjeselskap skal melde opplysning om vedtekter i «Samordna registermelding Del 1 – Hovudblankett».

6

Årsrekneskap i Frivilligregisteret – feltet gjeld berre for foreiningar

På same måten som for vedtekter er det mogeleg for foreiningane sjølve å ta på seg plikt til årleg innsending av årsrekneskap. Ein grunn til å gjere dette, kan vere eit ønske om at andre enkelt skal få tilgang til rekneskapsopplysningane. Foreiningar som har tatt på seg innsendingsplikt for årsrekneskap vil framstå som åpne og ryddige, ettersom rekneskapsopplysningane då vil vere tilgjengeleg

for alle, gjennom Rekneskapsregisteret. Dette kan vere med på å auke tilliten til foreininga.

Dersom foreininga vel å ta på seg innsendingsplikt, vil de måtte sende inn årsrekneskap til Rekneskapsregisteret kvart år.

Oppstillingsplanane og dei andre krava som blir stilte til årsrekneskapan som skal sendast inn, er annleis og enklare enn krava som er stilte i rekneskapslova. Nærmare opplysningar om desse reglane finn du på www.brreg.no eller i forskrift om frivilligregisterlova. Ver merksam på at foreiningar som har allmenn rekneskapsplikt etter rekneskapslova ikkje kan nytte seg av desse særreglane. Desse foreiningane skal sende inn årsrekneskap til Rekneskapsregisteret etter dei ordinære reglane.

Svarer foreininga «Ja» på spørsmålet om å ta på seg plikt til å rapportere rekneskap, må avslutningsdato for årsrekneskap førast opp.

Dersom rekneskapsperioden blir endra, må eininga føre opp frå kva rekneskapsår endringa gjeld, og ny avslutningsdato. Dersom de finn ut at eininga ikkje lenger vil ha innsendingsplikt, kan de sende melding om dette til Frivilligregisteret.

Dette feltet skal ikkje fyllast ut av stiftingar og aksjeselskap. For desse organisasjonsformene gjeld det allmenn rekneskapsplikt etter rekneskapslova, og dermed også vanleg innsendingsplikt til Rekneskapsregisteret.

7

Grasrotdelordninga

Registrering i Frivilligregisteret er eit vilkår for at ein organisasjon skal kunne ta imot midlar gjennom grasrotdelordninga.

Grasrotdelordninga går ut på at spelarar som nyttar tenester frå Norsk Tipping skal kunne fastsetje at inntil fem prosent av innsatsen skal gå til ein bestemt frivillig organisasjon.

Spelaren kan berre velje mellom dei foreiningane og organisasjonane som er registrerte i Frivilligregisteret. Registrering i Frivilligregisteret kan altså gi eininga di høve til nye inntekter. Dersom eininga vil delta i grasrotdelordninga, kryssar du av for «Ja» i dette feltet.

Ver merksam på følgjande: Dersom du kryssar av for «Ja» i dette feltet stadfestar du samtidig at eininga di driv eiga verksemd på lokalt eller regionalt plan. Einingar som er paraplyorganisasjonar for lokale lag kan ikkje delta i grasrotdelordninga.

Dersom de har prinsipielle motførestellingar mot spel eller av andre grunnar ikkje ønskjer å delta i ordninga, kan de reservere dykk mot deltaking ved å krysse av for «Nei» i dette feltet.

For å ha rett til å delta i grasrotdelordninga, må i tillegg den verksemda som blir drive vere av ein bestemt art. Avgrensingane her er for det meste, men ikkje berre, basert på den kategoriseringa som blir registrert i Frivilligregisteret.

Detaljerte reglar

Heilt konkret er dei detaljerte reglane slik:
Organisasjonar som driv verksemd innanfor minst ein av følgjande kategoriar, kan delta i grasrotdelordninga:
1 – Kultur og rekreasjon
4 – Sosiale tenester
5 – Natur- og miljøvern
8 – Legat og fremje av frivillig arbeid
9 – Internasjonale organisasjonar
10 – Tru- og livssynorganisasjonar
12 – Andre
13 – Barne- og ungdomsorganisasjonar
14 – Mangfald og inkludering

2 – Utdanning og forskning

Organisasjonar som berre driv verksemd innanfor hovudkategorien utdanning og forskning kan ikkje delta i grasrotdelordninga.

For dei andre hovudkategoriane gjeld særlege reglar, slik:

3 – Helse

Kan delta i grasrotdelordninga men ikkje dei organisasjonane som driv sjukehus, psykiatriske institusjonar, pleieheim eller nokon form for private helseklinikkar.

6 – Bustad- og lokalmiljø

Kan ikkje delta i grasrotdelordninga. Unntak gjeld for velforeiningar, som likevel har rett til å delta.

7 – Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar

Kan delta i grasrotdelordninga, men ikkje dei organisasjonane som utgjer politiske parti. Dei politiske partia sine ungdomsorganisasjonar kan likevel delta.

11 – Yrkes-, bransje- og fagforeiningar

Kan ikkje delta i grasrotdelordninga. Unntak gjeld for elev- og studentorganisasjonar som likevel har rett til å delta.

Aktivitet i fleire kategoriar

Det held at organisasjonen er registrert i minst ein kategori som gir rett til å delta i grasrotdelordninga. At dei eventuelt også er registrerte i ein eller fleire kategoriar som ikkje kan delta i ordninga, har inga vekt.

Grasrotdelen blir forvalta av Norsk Tipping.

8

Kontonummer

Dersom de har kryssa av for «Ja» til deltaking i grasrotdelordninga, må kontonummeret til eininga førast opp.

Også andre einingar kan velje å registrere kontonummer i Frivilligregisteret. Både det offentlege og private givarar vil då lett kunne finne fram til kontonummeret.

Underskrift

Meldinga må vere underskriven for at ho skal bli godkjend.

Dei som skriv under på meldinga stadfestar at opplysningane som er gitt er riktige.

Meldinga skal underskrivast av anten dagleg leiar, forretningsførar eller kontaktperson, eller av alle styremedlemmene.

Nødvendige vedlegg ved nyregistrering og endringar i Frivilligregisteret

Nyregistrering:

- Vedtekter

Endringar:

- Ajourførde vedtekter ved registrering av vedtekter



Brønnøysundregistra

Brønnøysundregistra
Einingsregisteret, 8910 Brønnøysund

Opplysningstelefonen: 75 00 75 00
Administrasjonen: 75 00 75 09
Telefaks: 75 00 75 05

<http://www.brreg.no>
BR-1033 N 2008